

## **Valldal Idrettslag Kontrollutvalget**

### **Årsmelding 2020.**

Med bakgrunn i NIF si lov § 2-12 og VIL si lov § 22, gir vi følgande årsmelding om drift og rekneskapsåret 2020 i Valldal Idrettslag.

Einar Hoel har vore kontrollutvalget sin kontaktperson i VIL. Sidan dette er nytt for begge partar har det vorte mange spørsmål som vi har fått tilfredsstilande svar på.

Kontrollutvalget har fått tilgang på innkalling og alle vedlegg til dette årsmøte og har ingen merknader anna enn at tidfristen mellom styremøte som behandler dokumenta og sjølve årsmøtet, er for knapp dersom vi skal gjere eit arbeid som tilfredsstiller NIF sine krav.

Etter kontrollutvalget si vurdering vert VIL drive etter gjeldande lover og reglar i NIF og VIL. Forvaltning og økonomistyring er på eit akseptabelt nivå.

Kontrollutvalget har gjennom dette knappe året arbeidd etter VIL sitt årsmøtevedtak om kontrollutvalg, NIF si veiledning til kontrollutvalg og brukt NIF si sjekkliste for kontrollutvalg i idrettslag uten engasjert revisor. Vi har prøvt å ha spesielt fokus på bank og kredit og VIL sine forsikringar sett opp mot at drifta av VIL skjer etter gjeldande lover og reglar med tanke på forsikrings dekning om situasjonar skulle oppstå.

Rekneskapen viser eit overskot på kr 312.900,52. Kontrollutvalget har fått seg forelagt rekneskapen for 2020. Den er prega av koroanrestriksjonar og begrensa aktivitet. Kassetelling pr 31.12.20 er utført og stemmer ikkje med balansen i rekneskapen. Det er lenge sidan sist det vart gjennomført kasseteljing av revisorar og differansen kan gjerne skuldast følgefeil enten frå kontanthandtering eller rekneskapsføring. Differansen er på kr 2.530,-. Bankkonti stemmer med kontoutskrifter. Bilaga er kontrollert ved stikk prøvar og er jevnt over bra, men der er store forbetringspotensiale. Kontrollutvalget tilrår at årsmøtet godkjenner VIL sin rekneskap for 2020.

Kontrollutvalget har i perioden påpeika og føreslått justeringar i drifta for å vere mest mogeleg på linje med særleg NIF sine lover og reglar. Justeringane er gjennomført av styret i VIL eller er under arbeid for nødvendig tilpassing. Dette gjeld spesielt NIF sitt krav om dobbeltnøkkeler på bankkonti.

Etter kontrollutvalget si vurdering har styret gjennomført det årsmøtet i VIL i 2020 hadde vedteke i den grad ein kan forvente i desse koronatider.

System og rutiner for rekneskapsføring bør gjennomgåast og forenlast både frå VIL si side og for rekneskapsførar sitt sluttprodukt. Spesielt med tanke på at det no skal ajourførast halvårleg! .  
Reskontroliste opne poster kunde og levrandørar MÅ få ein gjennomgang av kasserar i samarbeid med rekneskapsførar.

Kontrollutvalget har hatt 8 møter i driftsåret. Vi har ført protokoll over møta som vert levert til arkivering saman med NIF si sjekkliste med våre merknader.

Valldal 23.03.21

.....  
Reidar Bjørstad

.....  
Lars Tomas Bersås